



## Statens vegvesen

Ing. Taule AS  
Kvassnesvegen 33  
5914 ISDALSTØ

Karl Atle Taule

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
16/192376-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
23.02.2017

### Uttale dispensasjon – Utvida bruk av avkøyrslø – Fv. 409 – 52 bnr. 2 – Radøyvegen – Radøy kommune

Vi syner til søknad om utvida bruk av avkøyrslø mottatt 20.12.2016. Vi var på synfaring på staden 27.01.2017.

#### Kva saka gjeld:

Søknaden gjeld deling av grunneigedom gnr. 52 bnr. 2 i Radøy kommune med føremål å byggje ny bustad. Tiltaket ligg i eit område som er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF) jf. arealdel av kommuneplan for Radøy.

Før det vert gjeve løyve til frådelling er det eit krav at avkøyrslø frå offentleg veg skal vere godkjent av vedkommande myndigheit jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 27-4 og veglova §§ 40-43. Forutan løyve etter veglova til utvida bruk av avkøyrslø treng tiltaket dispensasjon frå byggjegrense langs veg.

#### Opplysning om saksgang:

Før Statens vegvesen behandlar søknader etter veglova skal tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Søknad må i første omgang behandlast som ein dispensasjon etter plan- og bygningslova av Radøy kommune. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei uttale som skal leggjast ved søknad om dispensasjon som skal sendast Radøy kommune.

#### Uttale:

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrslø til fv. 409. Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgertrafikk) er 1600. Vegstrekninga er klassifisert til «Haldningsklasse 3» jf. «Rammeplan for avkøyrslø og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)». Det vil mellom anna seie at godkjenning til utvida bruk av avkøyrslø til bustadføremål normalt vert gitt dersom dei tekniske krava til utforming av avkøyrslø vert

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081


Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

tilfredstilt. Haldningsklassen inneber også at det kan akseptast ei byggjegrænse på 30 meter.

#### *Avkøyrsla:*

Avkøyrsla stettar ikkje tekniske krav til utforming slik den er bygd i dag. Avkøyrsla har tilfredstillande sikt, men hellinga i avkøyrsla er for bratt. Vi ser likevel at det teknisk lar seg gjennomføre med utbetring av lengdeprofilen, eventuelt ved ei omlegging av tilkomstvegen. Vi er særleg opptatt av at krav til lengdeprofil skal vere oppfylt dei 5 første metrane og at avkøyrsla har fall frå hovudvegen på 5 cm dei 2 første meterane. Det kjem ikkje elles klart fram av søknaden om ny tomt skal ha annan tilkomstveg. Dette må avklarast med kommunen.



**Figur: Krav til lengdeprofil / helling som skal ligge til grunn for utbetring av avkøyrsla .**

Andre krav vi normalt stiller til utforming av avkøyrslar er krav til svingradius. I dette tilfellet vil kravet til svingradius vere 4 meter.

Etter ei samla vurdering av forholda på staden meiner vi det kan påreknast løyve til utvida bruk dersom avkøyrsla vert opparbeidd i samsvar med våre krav.

#### *Byggjegrænse:*

Byggjegrænsa skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved utviding av veg og miljøet langs vegen.

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg på 42 meter. Med bakgrunn i mellom anna haldningsklasse i rammeplanen har vi ikkje merknad til dette. Vi gjer likevel merksam på byggjegrænsa også gjeld tiltak som parkering og nødvendige murar. Dersom Radøy kommune vel å gje dispensasjon for tiltaket, må det sendast inn ny søknad som syner nøyaktig plassering av dei ulike tiltaka. Først då kan vi ta endeleg stilling til søknaden.

#### **Vidare saksgang:**

Det er Radøy kommune som avgjer søknad om deling og dispensasjon etter plan- og bygningslova. Dette brevet skal leggjast ved søknad om dispensasjon til kommunen.

Det er eit krav at avkøyrsla frå offentleg veg må vere godkjent av vedkommande vegstyresmakt før deling av eigedom til utbygging. Dersom Radøy kommune gjev løyve til frådeling, må det setjast vilkår om at det ikkje kan gjevast rammetillatelse til frådeling før endeleg avkøyrslsløyve er gitt jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 27-4.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER